

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.03.2018

### Handsaming i møte

Sekretariatet mottok 11.3.18 notat frå fylkesrådmannen (2015/943-71) med tilleggsinformasjon i høve denne selskapskontrollen. Notatet vart delt ut i møtet. Det går fram av notatet at punkt 1 i vedtaket er ferdig gjennomført. Vidare går det fram at det også er gjort mykje når det gjeld punkt 2 og 3, men at det framleis gjenstår noko før alt skal vera på plass i løpet av første halvår 2018.

I punkt 2 vert etter dette punkt 1 stroke. Punkt 3 i vedtaket går også ut.

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det er lite tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** enno ikkje har svart utfyllande på alle punkt i høve forbetningsarbeid på selskapskontroll av Hardanger AKS AS, nesten 1 ¾ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig snarast, og ber om ny skriftleg utfyllande tilbakemelding på arbeidet når det gjeld punkt 2 og 3, seinast innan 06.08.2018. Tiltaka som er gjennomført må i tillegg dokumenterast.